



## Administrativt vedtak

Saksnr	Utval	Møtedato
076/15	Formannskapet	

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:  
15/32-28

Arkiv  
K2 - K40

Sakshandsamar  
Knut Fredrik Øi,

Dato  
23.06.2015

### Tildeling av fellingsløyve Lærdal 2015 - elg/hjort/rådyr

#### Kort samandrag:

For elg og rådyr i Lærdal kommune, følger tildelingane av fellingsløyve for 2015 vedteke forvaltningsplan for hjortevilt. For hjort vert tildelingane i 2015 gjeve i tråd med vedteke bestandsplan for Lærdal bestandsplanområde.

#### Vedtak:

I medhald av *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011* og vedteke bestandsplan for hjort i Lærdal bestandsplanområde, tildelar Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2015:

<b>Hjort:</b>	<b>669 fellingsløyve delt på 45 vald.</b>
<b>Elg:</b>	<b>25 fellingsløyve delt på 13 vald.</b>
<b>Rådyr:</b>	<b>1 fellingsløyve på 1 vald.</b>

Vedteke planar som ligg til grunn for tildelingane er vurdert etter Naturmangfaldlova.

#### Vedlegg:

Løyve hjort Lærdal 2015  
Elgvald Lærdal innfylt 2015  
Rådyrvald Lærdal innfylt 2015

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (NML)
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt
- Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011
- Lærdal bestandsplanområde – bestandsplan for hjort i perioden 2015-2017
- Avtale om felles landbrukskontor av 01.01.2011

### **Saksutgreiing/vurdering**

For elg og rådyr er det ikkje nokre endringar frå vedteke forvaltningsplan i tildelingane. Lærdal hjorteutval har søkt, og fått godkjend, "Lærdal bestandsplanområde for hjort" og bestandsplan for hjort i dette området i perioden 2015-2017. I arkivsak 15/431-18 kan ein sjå argumentasjonen for planen. Tildelinga for hjort i Lærdal vil følgja denne modellen i 2015, og kvota er auka til 669 løyve årleg. Dei valda som har signert medlemskap i bestandsplanområdet vil få løyva tildelt som frie dyr for heile planperioden frå kommunen. Desse valda har sjølv ansvar for å følgja avskytningsmodellen som er vedteke. Dei valda som ikkje har signert, får løyva tildelt som retta avskyting/tildeling frå kommune. Kommunen nyttar vedteke bestandsplan for å dela ut fellingsløyve til desse valda. I 2015 vert det delt ut 669 fellingsløyve for hjort i Lærdal. Av desse er det 378 "frie løyve" til dei 22 valda som har signert avtala og 291 løyve delt på dei 23 valda som ikkje har signert.

Vedteke bestandsplan for hjort i Lærdal legg opp til å stabilisera hjortebestanden ved å skyta 100 fleire hjort årleg i perioden 2015-2017. Dette vil då utgjera snaut 500 felte hjort årleg i perioden.

Rådmannen tilrår følgjande tildeling for jakta 2015:

<b>Hjort:</b>	<b>669 fellingsløyve delt på 45 vald.</b>
<b>Elg:</b>	<b>25 fellingsløyve delt på 13 vald.</b>
<b>Rådyr:</b>	<b>1 fellingsløyve på 1 vald.</b>